

IV

Skriftkulturen ved erkesetet i seinmellomalderen

Ivar Berg

I dag har me skrift allstad ikring oss, men i seinmellomalderen var ikkje dette noko sjølvsgagt. Det store fleirtalet av folket var analfabetar, medan skrivekunna var knytt til ein fåment elite, stort sett geistlege. Det var i all hovudsak katedralskulane ved bispeseta som gav opplæring i lesing og skriving. I Nidaros var det skule, og pres-tane ved erkesetet – og andre geistlege i kyrkjer og kloster i byen – utgjorde ei gruppe skrivekunnige menn som skilde seg ut ved den boklege lærdomen sin. Difor er nettopp skriftkulturen ei viktig side ved erkesetet i seinmellomalderen, og noko som særprega dette miljøet framfor dei fleste menneske på den tida.

Med skriftkultur meiner eg her alle sider ved bruken av skriftleg materiale, både utdanning, produksjon av ulike slag tekstar og tekstresepsjon – kva tekstar som vart lesne. Eg skal først gje ei ålmenn innføring i tekstkulturen i mellomalderen før eg går nærare inn på sjølve erkesetet i dei siste hundre åra før reformasjonen. Etter ein diskusjon av det som vart skrive og lese ved erkesetet, skal me sjå på tilhøvet mellom dei ulike språka som var i bruk, og ikkje minst skiftet til dansk skriftspråk, som skjedde over lang tid på 1400- og 1500-talet. Til saman fortel det som blir lagt fram her, om ein høgt utvikla skriftkultur.

1. Skrivekunne og tekstar

1.1 Religionen og skrifta

Kristendomen er ein bokreligion der det skrivne ordet, både Bibelen og andre religiøse tekstar, står sentralt. Difor spela skrift i ulike former ei viktig rolle ved Nidaros erkebispesete, frå elevane i katedralskulen til kannikane i domkapittelet og på toppen erkebispen sjølv. Gjennom årelang utdanning, først i Nidaros og sidan ved utanlandske universitet for nokre få, var dei alle vane med å omgåast tekst.

Den grunnleggjande utdanninga skjedde i katedralskulane, i første omgang med faggruppa *trivium* – grammatikk, retorikk og dialektikk – det vil seie latinsk

språk, og det var jamvel påbod om å tala latin i skulen.¹ Neste steg i skulegangen var *quadrivium* – musikk, aritmetikk, geometri og astronomi. Me har få opplysningar om organiseringa av skulane i Noreg i mellomalderen, og kor langt dei gjekk i dei ymse faga er uvisst. Me kan iallfall vera visse på at det latinske språket stod sentralt i grunnutdanninga.

Katedralskulane skulle først og fremst utdanne prestar, og dei måtte kunne lesa dei sentrale religiøse bøkene, som Bibelen og messebøker. Det andre hovudemnet i utdanninga var det praktiske som hørde kyrkjetenesta til, som song og teologi. Før verdslege skular kom i gang, utdanna katedralskulane òg skrivarar for statsapparatet, og skriveopplæringa skjedde gjennom framandspråket latin. Språkopplæringa må ha vore grundig, for me skal sjå døme på at skrivarane ved erkesetet skifta lett og ledig mellom morsmålet og latin når dei skreiv.

1.2 Høgre utdanning

Ein del fekk høve til å fortsetje utdanninga ved utanlandske lærestader; kjennskapen til dette kjem i hovudsak frå studentlister ved ulike universitet.² I seinmellomalderen reiste dei fleste studentane frå Nidaros til Rostock, der også erkebispene Gaute Ivarsson og Olav Engelbrektsson studerte. Der var det ein eigen bustad for norske studentar som må ha vore finansiert av erkesetet, eventuelt med stød frå dei andre bispeseta. Det ser ut som dei har slurva med vedlikehaldet, for i 1529 skreiv borgarmeisteren i Rostock til erkebisp og klaga over at huset, som blir kalla *Regentia Olavi*, var i dårleg stand.³ I eit brev same år frå Peder Villadsen, skrivar på slottet i København, til erkebisp Olav Engelbrektsson kjem det fram at Olav hadde vore forstandar for studenthuset, som her blir kalla *Domus sancti Olavi*.⁴

Kjeldene er fragmentariske, så det er vanskeleg å koma til full visse om kor velutdanna norske geistlege eigentleg var. Det ser ut til at talet på norske utanlandsstudentar var på topp i tida 1450–1536, etter ein periode med svært få studentar 1350–1450.⁵ Noko som er slåande i nordisk samanheng, er at jamvel om talet på norske studentar auka etter 1450, fall Noreg lenger og lenger attom grannelanda. I seinmellomalderen studerte 1 nordmann per 4 svenskar per 10 danskar.⁶ Trass i det tradisjonelle nedgangsperspektivet på norsk historie i denne perioden, har det

¹ Kolsrud 1962: 31 f., 82.

² Daae 1885.

³ DN XI, nr. 518. Andre kjelder kallar huset *Bursa Olavi*, som tyder det same, eller *Collegium norwegianorum* eller berre *St. Olavs hus*.

⁴ DN XI, nr. 527.

⁵ Kolsrud 1962: 44.

⁶ Bagge 1981: 159.

ikkje vore nokon nedgang i bokleg lærdom, men heller ingen stor auke, slik me ser i grannelanda våre.

1.3 Norske mellomaldertekstar

Skrift med det latinske alfabetet kom til Noreg med kristendomen. Allereie dei første misjonsprestane må ha hatt med seg liturgiske bøker til bruk ved gudstenesta. Slike bøker vart importerte frå profesjonelle bokverkstader i utlandet, men etter kvart tok norske skrifvarar eigne avskrifter. Det vart òg skrive nye bøker på latin, helst med religiøst eller historisk innhald (sjå Thea Selliaas Thorsen i dette bandet). Nordmenn byrja tidleg å skrive bøker på morsmålet; i Sverige og Danmark rådde latinen åleine som skriftspråk lenger. Seinare tradisjon, slik det mellom anna går fram av sogelitteraturen, tyder på at lover vart nedskrivne allereie på 1000-talet.⁷ Den tidlege bruken av morsmålet blir gjerne knytt til at kristendomen kom til oss frå England, der det var tradisjon for å skrive angelsaksisk i tillegg til latin. Gjennom heile mellomalderen var både gamalnorsk og latin skriftspråk.

Dei eldste tekstane på gamalnorsk som er bevarte, er nokre fragment av helgenlegender frå sist på 1100-talet. Men alle dei eldste tekstane er avskrifter, ikkje originalar, og dei viser såleis tilbake til eldre tekstproduksjon. Frå ikring eller litt etter 1200 er den eldste heile boka, *Gamalnorsk homilieboek*, ei samling preiker (homiliar) og liknande tekstar til bruk i kyrkja. I starten var skrift med det latinske alfabetet knytt til kyrkja og religionen, men etter kvart kom andre teksttypar til. Det første folk tenkjer på som norrøn litteratur, er nok sagaene, særleg kongesoger og ættesoger frå Island. Men dette er reint islandske teksttypar, jamvel sogene om norske kongar vart skrivne av islendingar. Islendingane har dessutan vore flinkare til å ta vare på handskriftene frå mellomalderen, slik at ein del tekstar som vart skrivne i Noreg, no berre finst i islandske avskrifter.

I høg mellomalderen hadde Noreg ein aktiv litterær kultur, og det vart skrive bøker i fleire sjangrar, som historie, religiøse tekstar, lovbøker og kortare tekstar om rettsavgjerder, handelsavtalar og liknande. Særleg under Håkon IV Håkonsson (konge 1217–63) og delvis på direkte initiativ frå kongen vart det omsett ein del skjønnlitteratur frå andre språk, mest frå fransk. Det meste av den bevarte norske skjønnlitteraturen er frå 1200-talet. Skrivninga av det me i dag oppfattar som litteratur, det vil seie lange, forteljande tekstar, tok meir eller mindre slutt etter 1300. Men dei administrative oppgåvene i riket var vanskelege å gjennomføre utan skrift, så det vart framleis skrive ulike tekstar knytte til rettsstell (i vid forstand) og administrasjon. Dette er situasjonen i heile landet, også ved erkesetet i Nidaros; heller ikkje her finn me reint litterære verk frå seinmellomalderen, men me har fleire tekstar knytte til den verdslege drifta av erkebispedømet.

⁷ Seip 1954: 1–5.

1.4 Tekst og sjanger i seinmellomalderen

Ein viktig sjanger i seinmellomalderen er *jordbøkene*. Dei fleste gardane i mellomalderen var leiglendingsbruk, slik at brukarane leigde jorda av andre, og dei største jordeigarane sette opp oversyn over eigedomane sine og kor mykje kvar gard skulle betale i landskyld. Det vart laga jordbøker eller liknande oversyn i Noreg allereie på 1100-talet, og eit par fragment frå ikring 1200 finst framleis.⁸ Medan dei fleste slike tekstar frå høg mellomalderen har gått tapt, finst det store jordbøker for bispedøma (Bergen, Oslo og Nidaros) frå seinmellomalderen. Jordbøkene er stort sett stereotype lister med gardsnamn og landskyld, men somstad har dei fleire opplysningar om eigedomane og innimellom nokre lengre tekststykke som er meir spanande frå ein språkleg synsstad.

Gjennom heile mellomalderen vart det skrive kortare tekstar av ulike slag som me kallar *brev* eller *diplom*. I trong meining er diplom kunngjeringar, domsbrev og liknande tekstar med rettsleg innhald, men i norsk tradisjon blir diplom gjerne bruka om alle slags korte tekstar frå mellomalderen.⁹ Det er likevel slik at det i hovudsak er brev med rettsleg innhald som er gøynde til i dag, sidan berre dei hadde verdi for ettertida og vart tekne vare på. Slike tekstar er utgjevne i serien *Diplomatarium Norvegicum* (DN). Dei fleste skrivarane er anonyme, men den som er formelt ansvarleg for brevet og blir nemnd som avsendar, kallar me *utferdar*. Dei fleste utferdarane er naturleg nok framstående menn i samfunnet, og ein snakkar gjerne om “kongebrev”, “bispebrev” og liknande etter kva slags utferdar det er snakk om. Folk av ålmugen møter me berre i tekstar om gardhandel og lokale rettstilhøve på bygdene, typisk vitnebrev der ei rad menn gjer kunnig at dei overvar ein avtale mellom to partar og stadfestar denne. Desse vitna er ofte lagrettemenn, ein slags lekdommarar som var sentrale i det lokale rettsstellet og truleg vart rekrutterte frå ein elite i bondesamfunnet.

Det vart altså ikkje skrive “litteratur” i seinmellomalderen, og talet på overleverte diplom viser likeins ein nedgang i tekstproduksjonen. Frå det første tiåret på 1400-talet finst det 697 diplom, frå 1445–1455 645 og frå 1490–1500 berre 557 diplom.¹⁰ Dette omfattar både originalar og diplom som berre er kjende i seinare avskrifter, og tekstar både på norsk og andre språk. Ein skulle tru at fleire brev var berga di nærare vår eiga tid me kjem, men det motsette er tilfellet. Trass i denne kvantitative nedgangen ser det likevel ut som skrift i seg sjølv vart viktigare i samfunnet.¹¹ Jan Ragnar Hagland har argumentert for at tekstar vart viktigare for fleire menneske i seinmellomalderen, og at ein generelt ser ein auka verdi av det

⁸ Hamre 1962.

⁹ Sjå Hamre 2004 for ei innføring i diplomatikk, læra om diplom, både den internasjonale tradisjonen og dei heimlege tilpassingane til norske forhold.

¹⁰ Tal frå Hagland 2005: 50, 72, 86.

¹¹ Hagland 2005; jf. Berg 2014: 130–132.

skriftlege. Eit døme er handelsavtalar, vanlegast kjøp og sal av jordpartar og gardar. I vitnebrev, slik dei vart omtala ovanfor, dokumenterer teksten at ein gyldig munnleg avtale er inngått. Utover seinmellomalderen blir sjølv skriftfestinga viktigare; teksten dokumenterer ikkje berre avtalen, men *er* sjølv avtalen. Kunn-gjeringar om kjøp eller sal som ikkje direkte nemner den munnlege avtalen, dukkar opp utpå 1400-talet.¹² Ein møter òg ei forventning om å leggje fram skriftlege prov i rettsleg samanheng. Prova måtte kanskje hentast frå pålitelege vitne, men i samband med rettsprosessen måtte dei skriftfestast.¹³ Dette viser korleis tekstar blir viktigare i samfunnet, og produksjonen av slike dokument har til dels gått føre seg lokalt i norske bygder. Jamvel om dei kanskje ikkje kunne lesa og skrive sjølv, har store delar av folket vore vane med å omgåast skriftlege dokument.¹⁴

Sjølv om me her har peika på ein nedgang i det overleverte tekstmaterialet i seinmellomalderen, må me hugse at det aller meste som vart skrive, har gått tapt. Mykje har gått opp i flammar gjennom åra, medan somt anna er kasta. Ikkje minst har dei aller fleste brev med privat innhald gått tapt, medan heimelsbrev av ymse slag som nokon har sett seg mon i å ta vare på, er gøymde. Ein del skinnbøker har vorte bruka om att til innbinding, slik at me har fragment av dei, og restar av privatbrev finst på reimar som festa segl til offisielle brev.¹⁵ Dette kan lære oss ein del, og me kan vone at det som finst att, er representativt for det som ein gong var, men det er ikkje til å koma frå at kjeldene til norsk mellomalder er sparsame.

2. Brev og bøker – tekstproduksjon ved erkesetet

Etter denne ålmenne innleiinga til norsk tekstkultur i seinmellomalderen skal me sjå nærare på det som faktisk vart skrive – som me veit om – ved Nidaros erkesete i seinmellomalderen. For sjølv om det ikkje vart skrive noko me i dag vil kalle forteljande litteratur, vart det skrive mykje for praktiske føremål.

2.1 Diplom

Det finst ein god del diplom frå erkesetet. Her kan me skilje mellom erkebispene sjølv og medlemmer av domkapittelet, og dessutan ferdar erkebispene ut brev i lag med andre framståande personar ved fleire høve. Dei nakne tala kan fortelje noko om kor sparsame kjeldene til denne perioden faktisk er. Frå styringstida til dei to erkebispane Olav Trondsson (1458–1474) og Gaute Ivarsson (1475–1510) finst

¹² Hagland 2005: 76.

¹³ Hagland 2005: 86.

¹⁴ Berg 2014.

¹⁵ Pettersen 2013; Rindal 1982.



DN I, nr. 951. Kunngjering frå erkebisp Gaute Ivarsson, dagsett 31. juli 1486. Erkebispens segl på brevet provar at det er ekte. Foto: Odd Amundsen, Riksarkivet.

det 22 diplom som er bevarte i original frå anten erkebisen eller (medlemer av) domkapittelet; frå Erik Valkendorfs tid (1510–1522) er det tilsvarande talet 19, medan det er 102 frå Olav Engelbrektsson (1523–1537).¹⁶ Her er medtekne trykte tekstar og nokre få utrykte i Riksarkivet, og både offisielle brev og utkast og notat av ymse slag. Det kan vera noko uvisst om einskilde tekstar bør reknast med eller ikkje, men desse tala er iallfall rekna ut på same måte og kan difor jamførast.

Den enorme auken i talet på overleverte brev frå siste del av perioden kjem av arkivsituasjonen. Da Olav Engelbrektsson flydde landet i april 1537, tok han med seg arkivet sitt. Det kom saman med arkivet til Kristian II, som til liks med erkebisen var i eksil i Nederlanda på den tida. Sidan forsvann desse tekstane, før dei dukka opp att i Bayern på 1800-talet; difor blir dei omtala som Münchensamlinga. Professor Gregers Fougner Lundh fekk henta bae arkiva til Oslo, og sidan

¹⁶ Berg 2013: 61 f., 102.

vart det langvarige forhandlingar med Danmark og Sverige om utlevering av arkivalia som vedkjem desse landa, der Münchensamlinga vart nytta som pressmiddel for å få overlevert norske mellomalderdokument frå København til det norske riksarkivet.¹⁷

Den spesielle arkivsituasjonen har gjort at mange tekstar som elles ville forsvunne, er gøynde til i dag. Det gjeld naturleg nok mest innkomande post til erkesetet, men også heimelsbrev av verdi for kyrkja. I tillegg finst ein del utkast til og avskrifter av offisielle brev, og fleire notat av økonomisk-administrativ karakter. Dersom arkivet hadde vore i kontinuerleg bruk, er det lite truleg at slike tekstar med minimal verdi for ettertida hadde vorte gøynde, så me kan takke den spesielle overleveringssituasjonen for at dei finst i dag. Notata i Münchensamlinga gjer det mogleg å koma litt tettare på livet i seinmellomalderen enn dei offisielle breva og kunnngjeringane me har frå andre stader.

Men jamvel frå siste del av perioden, der me har utkast og kopiar til brev som elles er tapte, er det ikkje snakk om store mengder. I første del av 1300-talet førte bergensbispane ei kopibok; grundigast var Håkon Erlingsson, som i åra 1337–1342 førte inn 163 brev i kopiboka.¹⁸ Jamført med slike tal bleiknar dei 17 breva frå Olav Engelbrektsson i 1535 (året med flest brev), og tala viser tydeleg at det me sit att med i dag, berre er ein brøkdell av det som faktisk vart skriva.

2.2 Jordebøker

Fleire av erkebispane i seinmellomalderen fekk laga jordebøker for erkesetet. Best kjend er nok den store jordeboka etter Aslak Bolt, men det finst ei tilsvarande bok etter Olav Engelbrektsson, og under Gaute Ivarsson vart det gjort liknande arbeid i mindre skala.¹⁹

For ein så stor jordeigar som Nidaros erkebispedøme var eit oversyn over eigedomar og landskyld heilt naudsynt for effektiv administrasjon. Den eldste teksten av dette slaget frå Trondheim er eit fragment frå ikring 1200 av ei jordebok for Jonskyrkja. Den eldste jordeboka som er bevart som heilskap, er Aslak Bolts jordebok, som truleg vart skriven i 1433. Ho er av uvurderleg verdi for norsk historie i seinmellomalderen, både den økonomiske historia, busetjingshistoria og stadnamnforskinga. Mange gardsnamn er første gong nemnde hjå Aslak Bolt, og desse eldste namneformene er viktige for tolkinga av namna. I innleiinga forklarar erkebispen kvifor dette store arbeidet var naudsynt.²⁰ (Kursiverte bokstavar er

¹⁷ Juhasz 1979.

¹⁸ Berulfsen 1948: 67.

¹⁹ *Aslak Bolts jordebok* er utgjeven av Jørgensen 1997, *Olav Engelbrektssons jordebok* og dei mindre arbeida under erkebispe Gaute av Brinchmann og Agerholt 1926.

²⁰ Jørgensen 1997: 2A–3A; mi omsetjing.

markerte med forkortingsteikn i handskriftet; dette er svært vanleg i mellomalderhandskrifter.)

Tha woro her einga registra aff stolsens jordom, vtan j papijr qwaterni. Thy let fforscriffuadher wyrdheligher herra saman scriffua alt thet godz som han kunne vp sporia at erchibiscopstolen ffør atte, oc swo thet som han kom wndher sidan han wardh erchibiscopr j Nidros.

‘Da [Aslak Bolt kom til Trondheim i 1428] var her inga jordebok over erkesetets jordeigedomar, utanom eit lite papirhefte. Difor lét den førnemnde vørdelege herren skrive ned alt det godset som han kunne finne ut at erkebispstolen åtte frå før, og likeins det som kom under han etter at han vart erkebisp i Nidaros.’



Side 2–3 i Aslak Bolts jordebok, med innleiing og dei første eigedomane i Beitstad. Øvst på s. 3 har skrivaren ført inn eit lite vers på latin: *duc pennam, rege cor / virgo Maria, precor* ‘for penna, styr hjarta, jomfru Maria, eg bed deg’.

Aslak Bolts jordebok vart oppdatert framover, og nye eigedomar som kom under erkesetet, vart førde inn i jordeboka. Likevel fekk Gaute Ivarsson sett opp to mindre jordebøker. Den eine er eit udatert oversyn over eigedom som erkebispnen hadde i len av kongen, medan det andre er ei jordebok frå 1491 for erkesetet som berre omfattar delar av Nord-Trøndelag og tydelegvis ikkje vart fullført. Det vart derimot den litt yngre jordeboka etter Olav Engelbretsson frå ikring 1533. Det

var tydelegvis såpass store endringar i jordegodset eller landskylda at det var trong til å setje opp nye oversyn for å drive den økonomiske organisasjonen effektivt.

2.3 Rekneskapar

Medan jordebøker viser *forventa* inntekt, er ein rekneskap faktiske inntekter og utgifter. Systematisk rekneskapsføring oppstod i seinmellomalderen, og bevarte tekstar fortel om slik praksis ved Nidaros erkesete heilt mot slutten av perioden. Me veit at det vart ført rekneskap i Erik Valkendorfs tid, for blant dei etterlatne bøkene hans var det tre rekneskapsbøker.²¹ Desse er tapte, men nokre lausrivne tekstar frå tidleg 1500-tal er trykte i DN, og fleire manuskript av økonomisk karakter er samla i *Olav Engelbriktssons rekneskapsbøker 1532–1538* (OER).²² Rett nok er det berre eitt av manuskript i OER som er ein rekneskap i moderne forstand, nemleg rekneskapen for erkebispegarden i Bergen i 1536. Han viser handelen med utanlandske kjøpmenn, truleg for ein stor del tyskarar og nederlendarar, og kor mykje som er kjøpt og selt. Her går det også fram kva slags varer erkesetet handla med, og fisk er naturlegvis den store eksportartikkelen. Importvarer var særleg øl, vin og stoff av ulike slag, men òg meir eksotiske varer som rosiner og *sucker kandy* ‘kandissukker’.²³

Det lengste manuskriptet i OER er ei løningsliste for dei tilsette ved erkesetet i åra 1532–1537, som i mange tilfelle viser om dei tilsette arbeidde i Trondheim, på Steinvikholm eller i Bergen.²⁴ Totalt dreier det seg om noko over 200 mann kvart år (nøyaktig 235 i 1532), frå ombodsmenn høgt oppe i systemet til ein *dyrskiit* ‘dyreskyttar, jeger’ og fleire fiskarar.²⁵ Dette er oppgjeve som tilnamn, for mange har tilnamn som anten viser til yrket eller kvar dei kom i frå. Geografiske tilnamn kan vise til norske stadnamn, som *Erick Erickson gouldaling* og *Erick Olufsson Solloyr*, som må ha vore frå høvesvis Gauldalen og Solør, men der var òg utlendingar som *Jørgenn freesz* (Frisland), *Clauus fransos* (Frankrike) og *Erlend skott* (Skottland), i tillegg til mange danskar og svenskar.²⁶

Desse rekneskapane fortel oss noko om dei som faktisk produserte dei tekstane me les i dag. I løningslistene er det kvart år ført opp 15–20 mann med tittelen *skrivar*.²⁷ Truleg har dei ikkje vore reine sekretærar, men også hatt administrative oppgåver. I tillegg til yrkestilnamnet har mange av skrivarane eit tilnamn som fortel

²¹ DN VII, nr. 592.

²² Utgjevne av Seip 1936.

²³ Seip 1936: 138.

²⁴ Løningslista for 1532 er grundig drøfta av Nissen 1998.


²⁵ Seip 1936: 19, 79.

²⁶ Seip 1936: 6, 8, 20, 40.

²⁷ Sjå tabell i Berg 2013: 231.

kvar dei kom frå, og det er interessant at somme var utlendingar. Fleire har tilnamnet *jwte/iute* 'jyde', som kunne bli bruka om danskar generelt, ikkje berre frå Jylland; tre har tilnamnet *helsing* og må ha vore frå Helsingland i Sverige, og det finst ein *Henrick tysk*. Trass i dette blanda opphavet er skriftspråket i tekstane frå erkesetet rimeleg einsarta med tanka på kor variabel rettskrivinga var i mellomalderen. Anten dei lærte av kvarandre i kvardagen eller det vart gjeve formell skriving-opplæring også i morsmålet (ikkje berre latin), har det utvikla seg såpass faste skriftnormer at det er vanskeleg å sjå det geografiske opphavet til skrivarane i dei tekstane me har.

I arkivet etter Olav Engelbrektsson er det fleire andre stutte tekstar av økonomisk-administrativ art. Eit døme er eit oversyn frå 1528 eller 1529 over tjuvegods som erkebispens folk hadde røva frå skotske og nederlandske sjøfolk, og som erkebispemåtte erstatte.²⁸ Eit notat frå 1533 reknar opp ferskmat som erkebisp Olav fekk på reisa til eit riksmøte i Bud i Romsdalen.²⁹ Det var rikelege mengder kjøt, litt fisk, ost, fleire hundre egg og 34 tønner og nokre fat øl. Slike notisar som ikkje hadde varig verdi og sjeldan er tekne vare på, fyller ut biletet vårt av livet i mellomalderen.



Utdrag frå DN VIII, nr. 582, 1528/1529. Overskrifta er Vtgifft paa miøll 'utgift på mjøl'.

2.4 *Breviarium* og *Missale Nidrosiense*

Erik Valkendorf sytte for at det vart laga trykte messebøker for erkebispedømet. Sidan Noreg ikkje fekk noko prenteverk før i 1643, vart bøkene trykte i Paris og

²⁸ DN VIII, nr. 582. Heile historia er fortald i Berg 2013: 177–182.

²⁹ DN X, nr. 670.



NTNUs eksemplar av Breviarium (minst) og Missale Nidrosiense. Sidene viser både ein illustrasjon og songstykke med notar. Foto: Nils Eikeland/NTNU.

København. Erkebispem stod nok attom og dreiv fram arbeidet, men redaktørane var medlemmer av domkapittelet i Trondheim; Olav Engelbrektsson, som den gongen var dekan, var ansvarleg for missalet.

Eit breviarium inneheld bønner, lesetekstar og songstykke til bruk for prestane ved dei sju faste tidebønene i døgnet; eit missal inneheld same typar tekstar til bruk ved hovudgudstenesta. Dei ulike bruksområda har avgjort formatet: *Breviarium* er ei lita bok til bruk for den einskilde presten, medan *Missale* er i stort format meint for altaret. Dei to bøkene er påkosta med tofargetrykk, store initialar og illustrasjonar.³⁰ Med desse bøkene vart dei liturgiske tradisjonane i Nidaros, med sitt lokale særpreg, berga for ettertida.

Alle kyrkjer måtte ha messebøker. I mellomalderen var dei naturlegvis handskrivne, og det kunne vera stor skilnad mellom ulike utgåver. Trykkjekunsten gjorde det mogleg å standardisere messebøker, noko fleire andre bispedøme i Norden allereie hadde gjort da Erik Valkendorf tok Nidaros-provinsen inn i den nye tida. Den konkrete bakgrunnen for arbeidet, som erkebispem skriv i føreordet til *Breviarium*, var at messebøkene i stiftet var i dårleg forfatning, og mange utan-

³⁰ Gjerløw 1986.

landske (trykte) *breviarium* var i bruk.³¹ Trykkinga av messebøkene var store tiltak som kravde både økonomiske ressursar og god tekstkompetanse for å setje saman bøkene frå ulike eldre kjelder.

Messebøkene er naturlegvis på latin, men *Breviarium* inneheld to sider på norsk om “helgor och fastor” i erkebispedømet.³² Dette er den eldste trykte teksten på norsk. Dei første linene er attgjevne nedanfor i lag med eit anna utdrag.

Swo skulo helgor och fastor haldas i Nidros biscopsdøme efther christne retthenen och heilagra sæctesætningh.³³

Sunnedaghs helgh heffst a laugerdegi tha er sool er i wester och heldar till midiar nath ath manedegi. [...]

Mario messo dag ther nesth som er swituns messo aat forno heilacht som sunnedager och wel er gjort ath fasta fire.

‘Slik skal helgar og faster haldast i Nidaros bispedøme etter kristenretten og heilage straffepåbod.

Sundagshelg byrjar på laurdag når sola er i vest og varer til midnatt på måndag. [...]

Marimessedag [= 2.7.] deretter, som er Svitunsmesse frå gamalt: heilagt som sundag og det er vel gjort å faste føre.’

Språket i dette stykket er gamalnorsk og skil seg klårt frå andre tekstar frå same tid, så det må vera bygd på eldre førebilete.³⁴ Ein tekst på norsk i ei elles latinsk bok tyder òg på at dette stykket er henta frå ei spesiell kjelde. Teksten viser til “kristenretten”, og det saklege innhaldet finn me att i bolk 22–25 av erkebisp Jon Raudes kristenrett.³⁵ Der heiter det til dømes at sundagshelga byrjar *a laughardaghen. þa er soll er vestre. oc hælðr till miðrar netr. a manadaghen*. Oppsettet i *Breviarium* skil seg likevel frå det i kristenretten, slik at han ikkje kan ha vore direkte førelegg; truleg byggjer teksten på eit anna eldre oversyn over heilagdaggar i stiftet. Det er kommentert i teksten at Marimesse før heitte Svitunsmesse. Tradisjonelt var 2.7. festdag for den engelske helgenen St. Svitun, som Stavanger domkyrkje er vigd til; det var først i seinmellomalderen at dagen vart enda ein festdag for Maria (det var allereie fleire andre marimesser), knytt til møtet hennar med Elisabeth, mor til Johannes døyparen.³⁶ Denne endringa var så fersk at både det gamle og nye namnet er teke med, og det viser samstundes at språket i dette stykket ikkje er ein rein kopi av eldre tekstar.

³¹ Gjerløw 1986: 55.

³² S. 342 f. i den digitaliserte versjonen på www.nb.no; den norske teksten er attgjeven i Berg 2013: 282 f.

³³ Dette er ein korrigert lese måte, og usikker. Ordet er elles ukjend, men omsetjinga byggjer på at det er sett saman av *sekt* ‘straff’ og *setning* ‘påbod’.

³⁴ Språkleg drøfting i Berg 2013: 98 f.

³⁵ NgL II: 357–359.

³⁶ Dybdahl 2011: 170 f.

2.5 Erik Valkendorfs *Descriptio Nidrosiensis diocesis*

Erik Valkendorf fekk skrive ned ei skildring av ei visitasreise nordover til Finnmark. Den fulle tittelen er *Breuis et summaria descriptio Nidrosiensis diocesis et specialiter cuiusdam ipsius partis, que Findmarkia dicitur, extrema aquilonaris christianitatis plaga*: 'Kort og konsis skildring av Nidaros bispedøme og særleg dei delane av det som blir kalla Finnmark, det nordlegaste stroket av kristenheita'.³⁷ Teksten vart ikkje utgjeven i samtida, men var ei viktig kjelde for svensken Olaus Magnus' *Historia de gentibus septentrionalibus* 'Historia om dei nordiske folka' (1555). I utgåva si peikar Gustav Storm på fleire parallellar som viser at Olaus Magnus kjende skriftet etter Erik Valkendorf; ikkje minst må ei rekkje spanande skildringar av sjømonster vera henta derifrå. Dei vil me vera skeptiske til i dag, men kjeldekritikken hadde trongare kår i mellomalderen.

Denne typen historisk-topografiske skildringar, tufta på eigne opplevingar og opplysningar frå lokale heimelsmenn, var ikkje vanlege den gongen. Trass i at dette litte skriftet ikkje vart trykt, vitnar det om ei vitskapleg interesse for omgjevnadene, og det kan reknast som det første norske dømet på ein sjanger som vart meir populær i tidleg nytid.

2.6 Oppsummering

Trass i at det ikkje vart produsert ny forteljande litteratur ved Nidaros erkesete i seinmellomalderen, var skriftkulturen ein del av dagleglivet, i messesong, undervisning og administrasjon. Både i religionsutøvinga og for praktiske føremål var skrift viktig, og dei lærde mennene levde omgjevne av tekstar. Dei to messebøkene frå 1519 viser òg evne til å setje saman store bøker basert på eldre førebilete og ulike kjelder, jamvel om dette ikkje vart utnytta i forteljande framstillingar på morsmålet. Tekstproduksjonen hadde praktiske føremål: messebøker til religionsutøvinga, brev om den politiske situasjonen der erkebisen som landets mektigaste mann var sentral, og bøker og mindre notat knytte til administrasjonen av den økonomiske organisasjonen som var Nidaros erkebispedøme.

3. Kva las dei?

Jamvel om så godt som alle overleverte tekstar frå erkesetet i seinmellomalderen hadde praktiske føremål, var ikkje dette alt dei las. Det er ikkje råd å seie mykje om dette, for me veit eigentleg lite om litterære interesser i seinmellomalderens Noreg. Eyvind Fjeld Halvorsen har stilt seg spørsmålet om det i det heile vart lese

³⁷ Trykt med dansk omsetjing i Storm 1902.

litteratur i Noreg i seinmellomalderen, og konkludert med at materialet rett og slett er for lite til at me kan svara på spørsmålet. Halvorsen avgrensa undersøkinga si til forteljande tekstar på norrønt og heldt “[l]atinsk oppbyggelseslitteratur og latinske teologiske verker” utanfor, sidan dei “var laget for andre formål enn litterære”.³⁸ Den premissen er eg usamd i, for også mange tekstar med religiøst innhald har litterære verdiar ut over det liturgiske, og det fanst bøker i Nidaros som uansett definisjon må reknast som litteratur.

Me veit frå spreidde merknader i kjeldene at det fanst bøker i Noreg, til dømes hadde Tautra kloster *lxx gamble bøger vp vti ein ram* ‘70 gamle bøker oppe på eit loft’ i 1531/1532.³⁹ Dette var ei monaleg samling på den tida, men me veit ikkje kva slags bøker det var; truleg var det mest religiøse bøker. Erik Valkendorf åtte nokre bøker som han tok med seg da han flydde landet i 1522, i alle fall ei bok om kyrkjerett, bønnebøker og tre rekneskapsbøker.⁴⁰ Frå tida like etter reformasjonen finst det ei oppteikning over boksamlinga som domkapittelet i Nidaros åtte, og ho fortel overtydande om litterære interesser og gjev eit unikt innblikk i lærdomsmiljøet ved erkesetet.⁴¹

Lista over boksamlinga er delt i tre delar med høvesvis religiøse, juridiske og historiske bøker. Som ein kunne vente av eit domkappittel på denne tida, inneheld boksamlinga mange liturgiske bøker som var naudsynte for religionsutøvinga. Men teologisk faglitteratur som kommentarbøker til Bibelen vitnar òg om djupare studiar. Mange av bøkene i denne kategorien kan ha vore gamle handskrifter som hadde tilhørt domkappittelet i fleire hundre år – skinnbøker held seg lenge – men det er også nyare tilskot til samlinga, t.d. eit par preikesamlingar frå ikring 1500. Mest fascinerande er kanskje ei utgåve av Salmane *in quator linguis* ‘på fire språk’. Dette må vise til ei bok utgjeven i 1518 av den lærde tyskaren Johannes Potken med salmane på latin, gresk, hebraisk og etiopisk. Det er lite truleg at klerkane i Trondheim las etiopisk, men dette dømet på lærdom fann altså vegen hit.

Den juridiske delen av boksamlinga er truleg for ein stor del bøker som den rettslærde kanniken Ogmund Olavsson testamenterte til kappittelet i 1381.⁴² Det dreier seg om klassisk kyrkjerett frå høg mellomalderen; berre éi av bøkene er heilt sikkert frå seinmellomalderen. Sidan det ikkje finst nyare bøker, kan det tyde på at juridiske studiar ikkje har vore dei viktigaste ved erkesetet i seinmellomalderen.

Dei historiske bøkene er langt meir interessante. Dette er ikkje berre det me no vil kalle historie, men inkluderer bøker av ymse slag som ikkje fell inn under dei to andre hovudkategoriane. Det gjeld til dømes ei lærebok i logikk, ei musikkbok

³⁸ Halvorsen 1982: 129.

³⁹ DN XI, nr. 583.

⁴⁰ DN VII, nr. 592 og 604.

⁴¹ Lista er trykt fleire gonger, sist i Berg 2016, som det følgjande byggjer på.

⁴² Johnsen 1908: 85, 91. Testamentet er trykt i DN II, nr. 468.

og ein latinsk grammatikk av tyskaren Jakob Henrichmann; grammatikken hans kom ut første gong i 1506 og er eit nokså nytt tilskot til samlinga. Det er fleire bøker av klassiske forfattarar som Vergil, Cicero, Livius og Sallust, alle forfattarar som levde i det første hundreåret før vår tidsrekning, i det som blir kalla gullalderen for latinsk litteratur. Riksarkivet har eit fragment av eit Sallust-handskrift som truleg er ein leivning etter boka som var i Trondheim i seinmellomalderen.⁴³ Dette handskriftet er skriva utanlands på 1200-talet og innført til Noreg, og er altså gammalt. Men mange av dei romerske forfattarane i samlinga var lite kjende i mellomalderen. Det gjeld til dømes historikaren Tacitus, som var ukjend fram til han vart gjenoppdaga i renessansen og utgjeven i trykte bøker ikring 1500. Det er mindre sikkert, men fleire av dei andre klassiske forfattarane i samlinga kan òg ha vore trykte bøker, for mange slike utgåver vart laga som ein del av prosjektet til renessansehumanistane. Også originale verk av sentrale humanistar i seinmellomalderen kom til Trondheim. I samlinga finn me Niccolò Perotti (1429–1480), Marcellinus Ficinus (1433–1499) og Erasmus frå Rotterdam (1466–1536). Bøkene deira kan av naturlege skil ikkje vera særleg gamle, og dei viser at boksamlinga stendig vart oppdatert.

Boksamlinga fortel om lærde interesser i tråd med det som var populært lenger sør i Europa. Både nye utgåver av klassiske forfattarar som hadde vore gløynde i mellomalderen, og originalverk av renessanseforfattarar vitnar om eit aktivt og oppegående kulturelt miljø som følgde med i tida. Nokre av bøkene er typiske lærebøker som truleg vart nytta ved katedralskulen, medan andre kan ha vore lesebøker i latinundervisninga.

4. Tilhøvet mellom ulike språk

Mellomalderssamfunnet var fleirspråkleg i ein grad mange gløymer i dag. Dei einspråklege nasjonalstatane – og i enda sterkare grad *ideen* om dei – er eit produkt av nasjonalromantikken på 1800-talet. I seinmellomalderen var det eit stort grenseområde mellom skandinavisk og samisk busetnad i Noreg, der mange må ha vore fleirspråklege. I byane lenger sør i landet levde og arbeidde innvandrarar frå fleire land. I tillegg til folk frå dei nordiske grannelanda våre var det særleg tyskarar som kom til Noreg, men utover seinmellomalderen innvandra òg ein del hollendarar, skottar og engelskmenn.⁴⁴ I Bergen etablerte det nordtyske handelsforbundet Hansaen ei permanent busetjing på Bryggen, og tyskarane utgjorde ein stor del av folkesetnaden. Også i viktige byar som Oslo og Tønsberg var det mange tyskarar, og meir isolerte handelsmenn og handverkarar kjenner me òg frå andre

⁴³ Undset 1878.

⁴⁴ Opsahl 2003: 171–190.


byar. Med folk følgjer språk, og i handelsbyane kunne ein høyre fleire nord-europeiske tungemål.

Som nemnt var alle med utdanning fleirspråklege, sidan utdanninga føregjekk på og hadde latin som det viktigaste faget. Kanskje vart det gjeve privat opplæring i skriving på morsmålet i nokre familiar, men dei fleste fekk grunnutdanninga si ved katedralskulane. Den fleirspråklege kompetansen til skrifvarane ved erkesetet kjem til synes i det dei skreiv. Ikkje berre vart det produsert tekst på både norsk og latin, men dei kunne òg veksle mellom språka i same tekst, det me kallar kodeveksling. Me skal sjå nokre døme på korleis denne fleirspråklegheita kjem til uttrykk og korleis ho somtid kunne utnyttast til å skapa ein særleg effekt.

4.1 Latin i brev

Brev til mottakarar utanfor Skandinavia måtte skrivast på latin, som var det internasjonale språket gjennom heile mellomalderen. Men også i brev som elles var på skandinavisk, kunne somme delar vera skrivne på latin. (Her brukar eg 'skandinavisk' for å sleppe å kalle språket 'norsk' eller 'dansk'; sjå § 4.4.) Offisielle brev og kunnngjeringar vart utforma etter faste mønster, og særleg i brev frå geistlege var mange av desse faste delane eller formlane på latin.

Eit brev frå erkebisp Olav Engelbrektsson til bisp Hans i Oslo frå 1535 er eit "maksimalt" døme på kor mykje latin som kunne brukast i slike tilfelle (sjå bilete nedanfor). Over brevet står avsendaren, i dette tilfellet *Olauus Dei gratia Archiepiscopus Nidrosiensis Et Apostolice Sedis legatus* 'Olav av Guds nåde erkebisp av Nidaros og utsending for pavesetet'. Teksten byrjar med ei omstendeleg helsing på latin, før språket skiftar til skandinavisk med ei ny helsing og sjølve brevtteksten. Brevet sluttar med ei latinsk avskilshelsing og opplysningar om tid og stad: *Ex curia nostra archiepiscopali Nidrosiensis in profesto Concepcionis Marie Anno Christi Mdxxxv* 'Frå vår erkebispegard i Nidaros dagen før Marias unnfanging [dvs. 7. desember] i året 1535'. På utsida av brevet står namn og tittel på mottakaren, også det på latin. Trass i dette er språka haldne tydeleg frå kvarandre, for sjølve hovudteksten er skriven på skandinavisk utan latinske innslag.



Starten på eit brev frå erkebisp Olav til bisp Hans i Oslo frå 1535 (DN XII, nr. 558). Namnet på avsendaren over teksten og den innleiande helsinga som går eitt ord inn i andre line, er på latin, før den skandinaviske teksten byrjar med kiere herre Broder.

Kor mange av formlane som er på latin, skiftar frå brev til brev, men vanlegast er det at avsendaren, erkebispnen med latinsk tittel og opplysingar til slutt om tid og stad er på latin. Tidfestinga blir til vanleg gjort etter næraste helgendag, t.d. minnedagen for at jomfru Maria vart unnfanga (*conceptio Mariae*) 8. desember i brevet omtala ovanfor. 7. desember er ingen minnedag, så brevet vart dagsett *profesto conceptionis Marie*, altså dagen før 8. desember. Slik språkblanding er nokså typisk for brev frå geistlege, og særleg når dei skriv til andre geistlege. Verdslege maktthavarar gjer i mykje mindre grad dette, heller ikkje dei som sjølve hadde solid latinspråkleg utdanning eller nytta latinkunnige skrivarar. Det er òg tydeleg at det er meir slik bruk av latin til geistlege mottakarar enn til verdslege. Det kan sjå ut som dei geistlege markerte stillinga si ved å bruke det latinske språket som var knytt til religionen.

4.2 Latin som gruppespråk

Bruken av latin i delar av brev er altså typisk for geistlege. Somtid kunne dei jamvel skrive på latin til kvarandre utan at det var naudsynt. Eit slikt døme er eit brev som Erik Valkendorf sende til den nyutnemnde erkebispnen i Uppsala, Gustav Trolle, for å gratulere han i 1516.⁴⁵ Eit brev frå Olav Trondsson til to kannikar i København frå 1472 om nokre pengar kannikar frå Nidaros har deponert der, er også på latin. Dette brevet fortel samstundes sitt om postgangen vinterstid. Det er dagsett Luciadagen (13. desember) og har venteleg vorte sendt frå Trondheim ved første høve; ei påskrift seier at det vart motteke pinseaftan og Bonifatii dag, dvs. 5. juni året etter. I desse to tilfella, og andre tilsvarande, verkar det som om språket blir bruka medvite som eit uttrykk for den geistlege identiteten knytt til den katolske kyrkja og det latinske språket. Dette inntrykket blir styrkt av veksling mellom skandinavisk og latin i privatbrev.

Svært få privatbrev er gøynde frå mellomalderen. Dei hadde ingen varig verdi, i motsetjing til heimelsbrev og offisielle kunngjeringar, slik at det var mindre grunn til å ta vare på dei. Tidleg på 1300-talet førte bispane i Bergen også inn privatbrev i kopiboka si (jf. § 2.1). Dette er ei eineståande kjelde til kva norske geistlege i mellomalderen diskuterte seg imellom i brevs form. Bjarne Berulfsen, som har studert innhaldet i breva frå denne kopiboka, peikar blant anna på språkvekslinga som eit typisk trekk.⁴⁶ Me har ingen tilsvarande kjelder frå Nidaros i seinmellomalderen, men eit av dei breva som har mest privat karakter, er samstundes eit som har mykje meir veksling mellom skandinavisk og latin enn vanleg.

⁴⁵ DN XVI, nr. 357.

⁴⁶ Berulfsen 1948: 321–351.

I 1535 skreiv Olav Engelbrektsson til kanniken Jens Olsson Bratt om aktuelle saker ved erkesetet.⁴⁷ Her er det fleire latinske ord og frasar (markerte med feit skrift) som innskot i ein elles skandinavisk tekst.

aff palsgreuens Breff sende wij eder **veram copiam** och then foruarer oss **per Jgnem**

‘av Pfalzgreuens brev sender me dykk ein rett kopi og han vernar oss gjennom fare’

I dette brevet får fleire namn i elles skandinaviske setningar latinske bøyingsendingar, t.d. *Frederico* (dativ) og *Dorotheam* (akkusativ). Kasusbruken er heilt i tråd med latinsk grammatikk. I tillegg til dette krydrar erkebisen brevet med to latinske vendingar: *ffinaliter talis est sensus* ‘endeleg er slikt sagt’ og *homo proponit Deus autem disponit* ‘mennesket føreslår, men Gud rår’. Det siste er eit ordspråk som blir tillagt den lærde munken Thomas frå Kempen (ca. 1380–1471), og den innforståtte bruken av sitatet markerer at både avsendaren og mottakaren av brevet tilhøyrer den same lærde kulturen.

Denne måten å bruke latin på, frå heile brev på latin, via faste delar av brev, til kodeveksling i privatbrev, tyder på at latin har vore eit slags gruppespråk for dei geistlege. Språket var eit synleg uttrykk for den sams identiteten deira knytt til kyrkja og tenesta for Gud. Samstundes var bruken av latin regulert av sjangerkrava til offisielle brev, for det er helst i dei få overleverte privatbrev me finn kodeveksling gjennom teksten. I offisielle brev er latin berre bruka i faste uttrykk i innleiinga og avslutninga av breva.

4.3 Språkblanding i uoffisielle tekstar

Lengre tekstar held seg stort sett til eitt språk, anten det er latin eller skandinavisk, og vekslinga i offisielle brev som vart skildra ovanfor, var ein strengt regulert sjangerbunden variasjon. I uoffisielle tekstar slepper skrivarane seg meir laus. Dette ser me ikkje minst i jordebøker og rekneskapar, men òg i stuttare tekstar med liknande innhald som er trykte i DN. Her finn me veksling ikkje berre mellom setningar, men også innanfor same setning, som viser at dei to språkssystema stod på nokså like fot for skrivarane.

I jordeboka etter Gaute Ivarsson finn me følgjande innføring om ein gard i Inderøy:⁴⁸

Nota at Gaute i Beitzstaden seget at myn herre *biskop Olaf* kopte aff hans *werfadher* eit audn vppa Sandwallum. som heiter Naustwalla, **et restant de precio** ein ku oc iij t.^{or} korn, **queratur ab Torgylso nostro quomodo se habeat**

⁴⁷ DN XII, nr. 561.

⁴⁸ Brinchmann og Agerholt 1926: 115.

‘Merk at Gaute i Beitstad seier at min herre biskop Olav kjøpte av hans verfar ein øydegard på Sandvoll som heiter Naustvoll, og det står att av betalinga ei ku og tre tønner korn; vår mann Torgils klagar på korleis det har seg.’

Her ser me at skrivaren vekslar att og fram mellom skandinavisk og latin i merknaden sin. Sidan har saka løyst seg, for dette er stroke ut og *Solutum est* ‘det er betalt’ lagt til.

Liknande kodeveksling finn me òg i rekneskapsmanuskripta frå Olav Engelbrektssons tid.⁴⁹ Det er særleg det ein kan kalle tekniske fagomgrep knytte til rekneskapsføring som er på latin, til dømes *summa lateris* ‘sum på sida’, *summa in toto* ‘totalsum’, *restat* ‘står att’, *facit* ‘det utgjer’ mfl. Utom slike tekniske termar er tidsuttrykk ofte på latin. Datering skjer vanlegvis i høve til næraste helgendag, men òg andre tidsuttrykk kan vera på latin, som i følgjande to døme.⁵⁰

Fic **pro anno preterito et anno futuro** ein skød om iij lod

‘[Han] fekk for førre år og neste år ei skei på 3 lodd’

Ffick **eodem tempore** viij marc

‘[Han] fekk på same tid 8 mark’

Desse rekneskapsmanuskripta inkluderer også ein del språkblanding med lågtysk, særleg i årsrekneskapan for erkebispegarden i Bergen i 1536. Dei veldige mengdene med naturalia erkesetet fekk inn i landskyld, tiende og andre kyrkjeavgifter, måtte omsetjast, og mykje av denne handelen skjedde naturleg nok over Bergen. I merknadene om oppgjer med utanlandske kjøpmenn er det mykje språkblanding, som i det følgjande dømet (tyske ord er markerte med feit skrift; det første og dei tre siste orda er latin).⁵¹

Anno 1536 alting **klar geregnet met Hans Køne dett** min herre bliffuer honum **skuldich effwen** j^c smalt woge fisk *vigilia crucis exaltacionis*

‘I år 1536 alt avrekna med Hans Køne at min herre blir han skuldig akkurat 100 våger fisk kvelden før Krossmesse om hausten [14. september]’

Det er tydeleg at fleire av skrivarane som arbeidde med desse rekneskapane, var trespråklege og i tillegg til morsmålet og latin kunne ein god del lågtysk. I desse tekstane spelar eigentleg ikkje språkvalet noka rolle, det er tala som er det viktige i ein

⁴⁹ Grundigare drøfta i Berg 2017: 99–101.

⁵⁰ Seip 1936: 19, 47.

⁵¹ Seip 1936: 135.

rekneskap. Det er heller ikkje nokon spesifikk mottakar som teksten er tilpassa. Skiftet mellom dei ulike språka har ingen praktisk funksjon, og viser truleg at skrivarane rett og slett følte seg like heime i fleire skriftspråk.

4.4 Skiftet til dansk skriftspråk

Ovanfor har eg tala om “skandinavisk” for å sleppe å definere språkforma i ein tekst som ‘norsk’ eller ‘dansk’. I ei tid utan fastlagd rettskriving var ikkje skilnaden mellom dei to nærskyldte språka alltid så tydeleg, og ofte har ein tekst både danske og norske trekk. Men i løpet av ein hundreårsperiode frå ikring 1450 tok dansk gradvis over som skriftspråk i Noreg, slik at det aller meste som vart skriva i Noreg frå litt ut på 1500-talet, er på dansk, eventuelt med nokre norske innslag. Dette språkskiftet har vorte kopla til det ålmenne nedgangsperspektivet på norsk seinmellomalderhistorie, ein nedgang som kulminerer i sjølvstendetapet i 1536 og reformasjonen i 1537.

Språkskiftet var nok ein konsekvens av den politiske utviklinga, men ein treng ikkje lesa inn nokon nasjonal katastrofe i det. Skiftet byrja med at unionskongane sende brev på dansk til nordmenn; sidan spreidde dansken seg sosialt nedover i samfunnet.⁵² Innvandra adelsmenn gjekk gjerne føre i å nytte dansk, men etter kvart byrja nordmenn å rette seg etter danske førebilete, dei med. Ikring 1500 vart dansk skriftspråk ved bispeseta, og skiftet i Nidaros er gjerne sett til 1510, da dansken Erik Valkendorf vart erkebisp. Her skal me likevel merke oss at det ikkje finst meir enn eitt originaldokument etter Gaute Ivarsson frå åra 1500–1510, og det er samstundes den teksten etter han som har flest danske målmerke. Medlemer av domkapittelet fortsette på si side å sende ut brev på norsk etter 1510 òg, slik at språkskiftet ved erkesetet var ein meir gradvis prosess enn somme har gjeve inntrykk av.

Norsk språk heldt seg lengst blant lagmenn og lagrettemenn på bygdene. Magnus Lagabøtes landslov frå 1270-åra var gjeldande rett i Noreg fram til Kristian IVs *Norske lov* (1604), som var ei varsamt endra omsetjing av Landslova. Lagmennene dømde altså etter ei gamalnorsk lovbook som dei må ha vore i stand til å lesa, jamvel om språket hadde endra seg monaleg på desse tre hundre åra. Ein del tekstar frå bygdene med rettsleg innhald vart framleis skrivne på norsk langt ned på 1500-talet; den siste teksten av dette slaget er frå 1583.⁵³ Det kan ha funnest private skrivetradisjonar blant bondeeliten, dei som fungerte som lagrettemenn og kanskje skreiv desse dokumenta på norsk. Lars Hamre meinte å sjå to ulike handskrifttypar i diplom frå 1500-talet, slik at ein del brev utferda av lagrettemenn på bygdene skilde seg frå offisielle skriv.⁵⁴

⁵² Indrebø 2001: 177–200.

⁵³ Sjø Berg 2014 om slike tekstar.

Som nemnt har språkskiftet vorte tolka som ein del av “Noregs nedgang” i seinmellomalderen, som når Gustav Indrebø skriv patosfylt om innføringa av den danske lovboka i 1604: “Me stend ved siste enden åt det gamle norrøne skriftmålet i Noreg. Den bygningen som ein gong hadde vore eit gjævt kulturverk, var jamna med jordi, og plog køyrd yver tufti.”⁵⁵ Men frigjer ein seg litt frå ideologiske skylappar, kan ein like gjerne sjå på språkskiftet som ei standardisering, der skrivarar i ulike delar av den dansk-norske unionen byrja å rette seg etter den same modellen, språket i kanselliet i København. Tilsvarande utviklingar ser me i andre europeiske land om lag til same tid. Ved erkesetet i Trondheim må Erik Valkendorf og eventuelle skrivarar som følgde han da han kom til byen, ha spela ei viktig rolle – ikkje fordi erkebisp *innførte* dansk, men i kraft av å vera førebilete. Menneske har ein tendens til å rette språkbruken sin etter folk dei ser opp til, både i skrift og tale, og slik var det gjerne i seinmellomalderen òg. Skrivarane tok etter språket dei øvste i samfunnet skreiv, og sentrum var stendig tydelegare København. Dermed er det nok rettare som Indrebø skriv ein annan stad: “Orsakene [til at norsk tapa mot dansk] låg i at makti sessa seg der ho gjorde, og i at dei sosiale og kulturelle prestigehøvi retta seg etter makti.”⁵⁶ Og språkbruk plar følgje sosiale og kulturelle prestisjetilhøve, slik me ser når skriftspråket i Noreg vart dansk.

Ein skal òg vera varsam med å knyte språk til nasjonale identitetar.⁵⁷ I dag tenkjer me på språket som noko av det som særmerkjer ein nasjon, men det er langt frå sikkert at folk i seinmellomalderen såg slik på det. Det er slåande at under dei politiske stridane tidleg på 1500-talet, da Olav Engelbrektsson og resten av det norske riksrådet kritiserte kongen for å setje seg ut over Landslova og vedtekne avtalar, skreiv dei dansk. Dei viser til tradisjonell lov og til rettar og privilegium som Noregs rike, riksrådet og den katolske kyrkja hadde, men denne nasjonale sjølvhevinga blir aldri markert språkleg.

Olav Engelbrektsson sjølv hadde sendt frå seg brev på norsk før han vart erkebisp.⁵⁸ Eit brev frå domkapittelet til kong Kristian II sommaren 1523 om at Erik Valkendorf var avliden og Olav Engelbrektsson vald til ettermann, har nokså mange norske former.⁵⁹ Men da Olav like etter skreiv til kongen og lova han truskap, skreiv han dansk.⁶⁰ Sidan nytta han dansk i breva sina, og det same gjeld jordeboka og rekneskapsmanuskripta frå hans tid. Det ser ut til å vera fleire norske

⁵⁴ Munnleg opplysning frå Lars Hamre til Steinar Imsen, som er mi kjelde.

⁵⁵ Indrebø 2001: 286.

⁵⁶ Indrebø 2001: 200.

⁵⁷ Berg 2013: 237–242.

⁵⁸ DN VII, nr. 551. Det finst berre i ei avskrift, men ho har mange norske former som må koma frå originalen.

⁵⁹ DN I, nr. 1061.

⁶⁰ DN I, nr. 1062.

former i dei uoffisielle tekstane, der språkforma ikkje spela noka rolle, men det kan òg koma av ordforrådet i slike tekstar, t.d. ord for naturalia av ymse slag. Desse orda førekjem ikkje i offisielle brev, slik at skrivarane kanskje ikkje kjende den danske skriftforma og i staden måtte stø seg på talemålet sitt. I det store og heile må språket i tekstane frå erkesetet etter 1523 kallast dansk, jamvel om ein del norske trekk skin gjennom hjå nokre skrivarar.

Det er ikkje sikkert dei sjølv tenkte slik på det. Mest truleg såg dei ikkje på skriftspråket sitt som ‘dansk’ i motsetjing til ‘norsk’, slik me gjer i dag. Dei skreiv slik dei meinte det skulle skrivast, og knytte truleg ikkje språklege skilnader til nasjonale motsetnader.⁶¹ Slike motsetjingar finn me på same tid i Sverige. Gustav Eriksson (Vasa) tok Sverige ut av Kalmarunionen i 1523 og nytta alle dei argumenta han kunne tenkje seg, også kulturelle og språklege, i retorikken mot dei danske kongane. Han meinte til dømes at Skåne burde tilhøyre Sverige, sidan folket hadde *et twungamaal ok alla aathlefwor ok seder [...] efther Swenske* ‘eit tungemål og alle skikkar og seder etter dei svenske’.⁶² I denne og andre liknande utsegner knyter Gustav Vasa eintydig språklege skilje til motsetnaden mellom svensk og dansk. Dette er tidleg, også i europeisk samanheng, og noko slikt finn me ikkje i dei norske kjeldene.

Dei norske kjeldene, også ved erkesetet, viser ei gradvis endring av skriftspråket som like mykje er ei standardisering som eit språkskifte. Den store variasjonen i rettskriving i ei tid utan fastsette rettskrivingsnormer vart erstatta av eit nokså eins skriftspråk, som henta førebileta sine i den forma for dansk som sentralmakta skreiv. Utviklinga av eit såpass einsarta språk som tekstane frå erkesetet viser, trass i at skrivarane kom frå ulike stader (jf. § 2.3), viser òg ein høgt utvikla skriftkultur.

5. Konklusjon

Skriftproduksjonen var ikkje stor i seinmellomalderen – og enda mindre er bevart til vår tid – og han var stort sett knytt til praktiske føremål. Likevel var erkesetet prega av ein tekstbasert kultur der skrift var viktig. Jordebøkene og ikkje minst rekneskapsmanuskripta fortel om moderne administrasjon av erkesetet som ein økonomisk organisasjon, dei trykte messebøkene tok i bruk moderne teknologi, og boksamlinga viser at klerkane i Nidaros deltok i ein sams europeisk lærdomskultur.

Dei geistlege var fleispråklege og kunne utnytte dette på ulikt vis. Språkblandinga i mange av dei uoffisielle tekstane viser aktivt fleispråklege skrivarar som utnytta heile den språklege kompetansen sin når dei skreiv.

⁶¹ Jf. Sandøy 2000: 873–877.

⁶² Gustafsson 2000: 85.

Det inntrykket me sit att med etter denne gjennomgangen av ulike sider ved skriftkulturen ved Nidaros erkesete i seinmellomalderen, er eit levande kulturelt miljø med god kontakt med den lærde kulturen elles i Europa. Erik Gunnes har hevda at “[den norske kirken] ser ut til å ha fungert i sløv rutine, og hatt lite av åndens liv å formidle, i den katolske kirkes siste dager”.⁶³ Denne oppfatninga kan etter mitt syn ikkje oppretthaldast, for det går tydeleg fram at Nidaros erkebisepesete framleis var eit kultursentrum i seinmellomalderen.

Litteraturliste

- Bagge, Sverre: Norge, i *Ur nordisk kulturhistoria, Universitetsbesöken i utlandet före 1660* (XVIII Nordiska historikermötet, Jyväskylä 1981, Mötesrapport 1). Jyväskylä 1981.
- Berg, Ivar: *Eit seinmellomalderleg skrivemiljø: Nidaros erkesete 1458–1537*. Ph.d.-avhandling, NTNU. Trondheim 2013.
- Berg, Ivar: Rural Literacy in Sixteenth Century Norway, i Ann-Catrine Edlund, Lars-Erik Edlund og Susanne Haugen (red.), *Vernacular Literacies – Past, Present and Future*. Umeå 2014.
- Berg, Ivar: Ei bokliste frå reformasjonstida og norsk litterær kultur i seinmellomalderen, i *Maal og Minne* 2016.
- Berg, Ivar: Business writing in early sixteenth-century Norway, i Esther-Miriam Wagner, Bettina Beinhoff og Ben Outhwaite (red.), *Merchants of Innovation. The Language of Traders*. Boston/Berlin 2017.
- Berulfsen, Bjarne: *Kulturtradisjon fra en storhetstid*. Oslo 1948.
- Brinchmann, Chr. og Johan Agerholt (utg.): *Olav Engelbrektssøns jordebog*. Oslo 1926.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum* I–XXIII. Christiania/Oslo 1847–2011.
- Dybdahl, Audun: *Primstaven i lys av helgenkulden*. Trondheim 2011.
- Daae, Ludvig: *Matrikler over Nordiske Studerende ved fremmede Universiteter*. Christiania 1885.
- Gjerløw, Lilli: The Breviarium and the Missale Nidrosiense (1519), i Hans Bekker-Nielsen, Marianne Børch og Bengt Algot Sørensen (red.), *From Script to Book*. Odense 1986.
- Gustafsson, Harald: *Gamla riken, nya stater. Statsbildning, politisk kultur och identiteter under Kalmarunionens upplösningsskede 1512–1541*. Stockholm 2000.
- Gunnes, Erik: Peder Claussøn og hans samtid, i Hans Try (red.), *Peder Claussøn Friis' samtid og miljø på Agder*. Kristiansand 1986.
- Hagland, Jan Ragnar: *Literacy i norsk seinmellomalder*. Oslo 2005.

⁶³ Gunnes 1986: 2.

- Halvorsen, Eyvind Fjeld: Ble det lest litteratur i Norge i middelalderen?, i *Saga och Sed* 1982.
- Hamre, Lars: Jordebog. Noreg, i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*, bd. 7. Oslo 1962.
- Hamre, Lars: *Innføring i diplomatikk*. 2. utg. Oslo 2004.
- Indrebø, Gustav: *Norsk målsoga*. 2. utg. Bergen 2001.
- Johnsen, Oscar Albert: Norske geistliges og kirkelige institutioners bogsamlinger i den sene middelalder, i *Sproglige og historiske avhandlinger viede Sophus Bugges minde*. Kristiania 1908.
- Juhász, Lajos: München-diplomenes ervervelse og fordeling, i *Historisk tidsskrift*, vol. 58, 1979.
- Jørgensen, Jon Gunnar (utg.): *Aslak Bolts jordebok*. Oslo 1997.
- Kolsrud, Oluf: *Presteutdanning i Noreg*. Oslo 1962.
- NgL II = R. Keyser og P.A. Munch (utg.), *Norges gamle Love indtil 1387. Andet Bind*. Christiania 1848.
- Nissen, Harald August: *Utgravningene i Erkebisppegården i Trondheim: Arbeidsstyrke og lønnsforhold ved erkebispesetet i 1530-årene*. NIKU Temahefte nr. 14. Trondheim 1998.
- Opsahl, Erik: *I kongenes tid 900–1814. Del I. 900–1537*, i Knut Kjelstadli (red.), *Norsk innvandringshistorie*, bd. 1. Oslo 2003.
- Pettersen, Gunnar: From Parchment Books to Fragments: Norwegian Medieval *Codices* Before and After the Reformation, i Espen Karlsen (red.), *Latin Manuscripts of Medieval Norway*. Oslo 2013.
- Rindal, Magnus: Seglreimtekstar, i *Eigenproduksjon*, vol. 15, 1982.
- Sandøy, Helge: Nation und Sprache: das Norwegische, i Andreas Gardt (red.), *Nation und Sprache. Die Diskussion ihres Verhältnisses in Geschichte und Gegenwart*. Berlin 2000.
- Seip, Didrik Arup: *Paleografi. Norge og Island*. Stockholm 1954.
- Seip, Jens Arup (utg.): *Olav Engelbriktssons rekneskapsbøker 1532–1538*. Oslo 1936.
- Storm, Gustav: Finmarkens Beskrivelse af Erkebiskop Erik Valkendorf, i *Det Norske Geografiske Selskabs Aarbog*, vol. XII, 1902.
- Undset, Ingvald: Fragmenter af et Sallust-håndskrift i det norske rigsarkiv, i *Nordisk tidsskrift for filologi. Ny række*, vol. 3, 1878.

Summary

The archbishopric of Nidaros was a religious and political centre in late medieval Norway, and written texts played an important role both in the teaching of religion and the administration of earthly matters. This contribution discusses the textual culture in a wide sense, both the texts that were written, the texts that were read,

and the languages used by the clergy. Most of the text production during the late Middle Ages was connected to administration and secular matters, yet religious books in Latin played an important role in daily life. A list of books owned by the cathedral chapter shortly after the Reformation shows cultural connections to the European renaissance, as modern authors were present in the library. The education of the clergy was concentrated on mastering Latin, the language of religion and learning, and their written output testifies to the Latin skill of the scribes. There is also evidence of knowledge of Low German, and in particular unofficial texts show extensive language mixing. Also the shift to Danish as the written language can be interpreted as a sign of a strong written culture. The main conclusion is that the archbishopric remained a centre of learning and culture throughout the Middle Ages.

